



Kartverket

Administrere rettigheter i Altinn for tilgang til NRL-data

Kartverket

2026-06-12



Rettleiinga finnast på bokmål her

Dette dokumentet viser korleis ein går fram for å tildele og fjerne fullmakta til tenesta “Nasjonalt register over luftfartshindre - nedlasting”.

For å kunne søkje om tilgang til og få moglegheit til å laste ned NRL-data treng du:

- fullmakt til tenesta “Nasjonalt register over luftfartshindre - nedlasting”

Roller i Altinn som kan tildele fullmakt:

- *Tilgangsstyrar* i verksemda som sjølv har fullmakt til tenesta
- *Hovudadministrator* for verksemda

Roller i Altinn med tilgang (Einingsregisterroller)

Følgjande roller frå Einingsregisteret gir automatisk fullmakt til tenesta “Nasjonalt register over luftfartshindre- rapportering”:


- Dagleg leiar
- Styreleiar
- Innehavar
- Deltakar fullt ansvar
- Deltakar delt ansvar
- Komplementar
- Bestyrande reiar
- Bustyrar

Dersom du ønskjer å søkje om tilgang til å laste ned NRL-data, men ikkje har nokon av desse Einingsregisterrollene, må *Hovudadministrator* eller *Tilgangsstyrar* i verksemda gje deg fullmakt til tenesta. NRL-data er forbeholdt aktørar knytte til luftfarten.


Tildele fullmakt til tenesta “Nasjonalt register over luftfartshindre - nedlasting”

For å kunne tildele fullmakt til tenesta “Nasjonalt register over luftfartshindre - nedlasting”, gjer du følgjande:


1. Logg inn i Altinn og vel verksemda du skal representere i aktørvalet.




2. I menyen øvst til høyre, vel *Tilgangsstyring*. Deretter vel *Brukarar* i menyen til venstre.




3. Dersom brukaren som skal få fullmakt til tenesta ikkje finst i lista “Andre med fullmakt”, klikk på *Ny brukar* og legg inn fødselsnummer og etternamn til personen det gjeld, og klikk *Legg til person*.




4. Vel fana *Enkelttenester* og klikk på *Gi fullmakt*.



5. Søk opp “Nasjonalt register over luftfartshindre - nedlasting”, og klikk på *Gi fullmakt*.




6. Personen du no har gitt fullmakt til tenesta “Nasjonalt register over luftfartshindre - nedlasting” kan no søkje om tilgang til å laste ned NRL-data på vegne av verksemda.




Fjerning av fullmakt til tenesta “Nasjonalt register over luftfartshindre - nedlasting”

1. Logg inn i Altinn og vel verksemda du skal representere i aktørvalet.



2. I menyen øvst til høyre, vel *Tilgangsstyring*. Deretter vel *Brukarar* i menyen til venstre.



3. Vel brukaren det gjeld, og klikk på fana *Enkelttenester*.

The screenshot shows the Altinn user management interface. On the left is a navigation menu with options like 'Tilgangsstyring', 'Forespurnader', 'Brukarar', 'Fullmakter', etc. The main content area shows the user 'Rund Fotkrem' for 'Utstrakt Sunn Ape'. The 'Enkelttenester' tab is selected, showing a list of services. One service, 'Nasjonalt register over luftfartshindre - nedlasting', is listed with a search icon and a 'Slett fullmakt' button next to it. A '+ Gi fullmakt' button is also visible.

4. Klikk på *Slett fullmakt* for tenesta “Nasjonalt register over luftfartshindre - nedlasting”.

This screenshot is similar to the previous one, but the 'Enkelttenester' list is now empty, showing 'Fullmakt til 0 enkelttenester'. A green notification banner at the bottom of the interface reads: 'Fullmakta til Nasjonalt register over luftfartshindre - nedlasting er fjerna frå Rund Fotkrem.' The notification includes a bell icon and a close button (X).

5. Fullmakta er no fjerna frå brukaren.